

**Fra:** Svege, Marianne <fmhomsv@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 27. januar 2015 10:18  
**Til:** Postmottak Lindås; Askøy kommune (Postmottak@askoy.kommune.no); Fjell kommune (postmottak@fjell.kommune.no); 'Os kommune (postmottak@os-ho.kommune.no)'; 'Stord kommune (post@stord.kommune.no)'  
**Kopi:** Bakkebø, Ole  
**Emne:** Til rådmann og ordfører - invitasjon til møte om prosjekt i busetting- og integreringsarbeidet

#### Til rådmenn og ordførere i kommunane Lindås, Askøy, Fjell, Os og Stord

Fylkesmannen i Hordaland fekk hausten 2014 i oppdrag frå BLDep å delta i eit 2-årig prosjekt med føremål å realisere regjeringa sine målsetjingar om auka og raskare busetting av flyktningar i kommunane. Fylkesmannen skal i tillegg bidra til utviklingsarbeid i kommunane for å styrka innsatsen når det gjeld kvalifisering og integrering. Prosjektet skal føregå i nært samarbeid med kommunane i fylket, og vi har fått styrka embetet med ressursar frå IMDI. Fylkesmannen arbeidar med ein endeleg organisering og handlingsplan for prosjektet, som vi vil kome attende til undervegs.

I samband med busettings- og integreringsarbeidet stiller IMDI til disposisjon midlar for å fremje gode tiltak i den einskilde kommune. Det er kommunane som er søknadsdyktige til desse midlane. Fylkesmannen er oppteken av at kommunane skal lukkast i arbeidet med å busette flyktningar, og ein viktig føresetnad for at så skjer er at mange kommunar søker om dei omtala midlane. I motsett fall er det eit heilt år til neste søknadsrunde. Utover midlane som IMDI stiller til disposisjon til desse føremåla, er fylkesmannen innstilt på å tilføre ekstraordinære midlar til aktuelle prosjekt.

Fylkesmannen vender seg i denne omgang til eit knippe sentrale kommunar i fylket - som etter vår vurdering er i stand til å gå raskt inn i desse viktige samfunnsutfordringane.

1. Vi inviterer dykk til eit møte om desse utfordringane til **Statens Hus 10. februar kl. 10.00 – 11.30** for å drøfte dette temaet. Føremålet med dette møtet er å avklare interessa og premissane for deltaking i slike utviklingsprosjekt /søknader. Til møtet ber vi om at kommunane har drøfta aktuelle problemstillingar og kostnadsoverslag.
2. Dersom de av ulike grunner ikkje kan delta på eit møte denne dagen, men likevel er interessert i problemstillinga og vil delta i dette arbeidet, ber vi alternativt til samtykke som ein fellessøknad i på vegne av kommunane som fylkesmannen formulerer. I ettertid vil vi då konkretisere prosjekt og søknader. Vi har bedd IMDI om utsetjing av fristen tilstrekkeleg til at kommunane skal få endelege søknader utarbeida.

Ole Bakkebø skal delta på KS sitt strategimøte på Solstrand tysdag og onsdag - og vil gjere drøfte desse problemstillingane på vegne av fylkesmannen med dei ordfører/rådmenn som er til stades.

Vi ynskjer ei snarleg respons på denne litt uformelle og raske eposten .

Med helsing

Lars Sponheim